

Til grunneigarar, naboar og offentlege etatar

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Dato: 12.06.2023

Lindås gravplass Nedre, gnr 108, bnr. 627 m.fl. Lindås, Alver kommune

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING planID 4631_2023002

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av detaljreguleringsplan for Lindås gravplass Nedre, gnr. 108, bnr.627 m.fl. i Lindås i Alver kommune.

Om planarbeidet

Planområdet er om lag 44 daa og omfattar i hovudsak arealet mellom Lindåsvegen i sørvest, Fonnebustvegen i aust og Kolåsvegen i nord.

Formålet med planen er å utarbeide ein detaljreguleringsplan for utviding av nedre gravplass i Lindås sentrum. Arealet på gnr/bnr 108/627 og 586 vil bli regulert til grav- og urnelund med prosesjonsveg mot kyrkje i sør og vegtilkomst frå Kolåsvegen. Det vil vere spesielt fokus på å sikre gjennomførbar tilkomstveg til gravplassen. I den samband vil vi vurdere plassering av busshaldeplass i Kolåsvegen. ABO Plan & Arkitektur As har utarbeidd eit eige Notat datert 22.03.2023 om dette, som er vedlagt oppstartsvarselet.

Største delen av området er offentleg eigd av Alver Tomteselskap, Alver kommune og Alver kyrkjelege fellesråd, men det ligg òg ein privat eigedom gnr/bnr 108/383 innanfor planområdet.

I kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 er største delen av området sett av til grav- og urnelund. Resten av området er bustad og grøntareal.

Eigedomen, gnr/bnr 108/36 er avsett til bustad. Det vil i det vidare arbeidet verte sett på moglegheita for om denne tomte kan verte omregulert.

Planområdet er i dag omfatta av *Reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad* (supplert av kommunedelplan for Lindås) og *Detaljregulering for Fv.57 med gang-og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad*.

Planen er vurdert til ikkje å løyse ut krav om konsekvensutgreiing jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Forslagsstillar er Alver kommune, i samarbeid med Alver kyrkjelege fellesråd. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

For nærare informasjon, kan spørsmål rettast til:

ABO Plan & Arkitektur AS
v/ Merete Lunde
e-post: merete@abo-ark.no
mobil: 952 25 558

Referat frå oppstartsmøte, planinitiativ, kartutsnitt, Notat om vegløyising og utlysingsteksten er tilgjengeleg på heimesida til ABO og Alver kommune:

www.alver.kommune.no

- under meny: Innsyn, politikk og høyringar – Høyringar og kunngjeringar.

www.abo-ark.no

- under meny: Aktuelt – Reguleringsplanar.

Frist for innspel og merknader

Frist for uttale til oppstart av planarbeidet er sett til **09.08.2023**. Uttaler må vere skriftleg og sendast til:

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os
eller
e-post: offentliggettersyn@abo-ark.no
eller sendast via Altinn

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttaler til Alver kommune. Dette vil ABO Plan & Arkitektur AS sørge for i samband med innsending av planforslaget.

Vidare planprosess

Etter at frist for innspel er gått ut, vil det bli utarbeida planforslag som skal handsamast av Alver kommune. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentleg ettersyn (høyring). Det vil då vere høve til å kome med uttaler og merknader til planforslaget. Etter at perioden med offentleg ettersyn er avslutta vil ein gå gjennom innkomne uttaler og merknader og evt. justere planforslaget før endeleg godkjenning.

Med helsing
ABO Plan & Arkitektur AS



Merete Lunde
arealplanleggar

Vedlegg:

1. Planavgrensing, datert 22.05.2023
2. Planinitiativ, datert 22.03.2023
3. Notat – Vurdering av tilkomstveg til utvida gravplass, datert 22.03.2023
4. Referat frå oppstartsmøte med kommunen, møtedato 05.05.2023